



Referat ekstraordinært årsmøte 19.08 2021

Sak 1 Setting av møtet

Til stades

Arild Lillebø Opsal, Asgeir Bakke, Ove Mikal Haveland, Steven Johnsen, Jan Stian Raudi, Hilde Nord Haugland, Anders Engeland, Jan Stian Raudi.

Innkallinga vart godkjend

Møtet vart satt

7 røysteføre

Arild vald som møteleiar, Øyvind som skrivar, Ove Mikal og Steven til å skrive under møteboka.

Sak 2. Ny lov

Bakgrunn

Idrettstinget vedtok i 2019 ny lovmal som vi er forplikta til å følgje. Samtidig er det lokale tilpassingar i eksisterande lov som bør vidareførast. På årsmøtet 27.04 blei ny lov vedteke, men idrettskretsen godtok ikkje endringane i §6.1 og §7.1. Hovudstyret trekk difor endringane i desse to paragrafane.

Framlegg frå hovudstyret

Årsmøtet vedtek framlegget til ny lov som bygger på den nye malen til idrettsforbundet og idrettslagets lov med følgjande endringar:

- §10: Tittel vidareført frå idrettslagets eksisterande lov. Endring frå «*Refusjon av utgifter til tillitsvalde. Godtgjersle*» til «*Refusjon, godtgjersle og støtte*»
- §10.4: Vidareført frå idrettslagets eksisterande lov.
- §16.14.a: Endra frå fem styremedlemmar i eksisterande lov til tre. (I tillegg til leiar og nestleiar)
Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.b: Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.c: Tilføya «alle for eit år om gangen»
- §16.14.d: Endra frå tre til to medlemmar. (I tillegg til leiar)
Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.e: Tilføya «alle for to år om gangen»

Enstemmig vedtatt

O.M.H.



Referat ekstraordinært årsmøte 19.08 2021

Sak 3. Disponering av midlar etter handballgruppa

Bakgrunn

Handballgruppa blei lagt ned på årsmøtet 27.04.21 og mange av dei aktive held fram enten i Stårheim IL eller i Eid IL. Det avtroppande styret i handballgruppa ynskte å støtte handballen i Eid IL med midlar.

Framlegg frå hovudstyret

Haugen IL støttar handballgruppa i Eid IL slik:

Utstyr: Ballar, kjepler, stige og vestar blir ståande att i Eid idrettsbygg til fri disposisjon for Eid IL si handballgruppe.

Midlar: Inntil 70.000 kr etter avtale med Eid IL

Overskytande midlar:

Ferdigstilling, vedlikehald og vidareutvikling av sandbanene samt til handballgruppa når/viss den blir starta opp att.

Enstemmig Vedtatt



Øyvind Haugland
Referent



Ove Mikal Haveland



Steven Johnsen